

# Norsk kulturskoleråd

## Vestland

Styremøte nummer 03

27.08.2020

Bergen



*Drømmestipendvinnere 2020:*

*Voss, musikk, direksjon: Julie Røsland*

*Stad, musikk, rockeband: Jackbow*

*Osterøy, musikk, hardingfele, fele fiolin: Hanna Midtbø Moira-Bruner*

*Bergen, musikk, sang: Otto Wahlstrøm Solevåg*



NORSK KULTURSKOLERÅD  
VESTLAND

## Sakskart

|   |    |
|---|----|
| Sakskart .....                                      | 2  |
| 2020.01 Godkjenning av innkalling og sakliste ..... | 3  |
| 2020.02 Godkjenning av protokoll .....              | 4  |
| 2020.03 Rådgjever sin rapport .....                 | 5  |
| 2020.04 Økonomi .....                               | 8  |
| 2020.05 Strategi/politisk dagsorden .....           | 10 |
| 2020.06 Eventuelt .....                             | 12 |
| 2020.07 Verksemdsplan .....                         | 13 |
| 2020.08 Styrearbeid i fylkesavdelinga.....          | 14 |

## 2020.01 Godkjenning av innkalling og sakliste

|                       |                 |
|-----------------------|-----------------|
| <b>Saksordfører:</b>  | Astrid Byrknes  |
| <b>Sakshandsamar:</b> | Kristin Geiring |

### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste godkjend.

## 2020.02 Godkjenning av protokoll

|                       |                 |
|-----------------------|-----------------|
| <b>Saksordfører:</b>  | Astrid Byrknes  |
| <b>Sakshandsamar:</b> | Kristin Geiring |

### Framlegg til vedtak:

Protokoll godkjend.

### Saksutgreiing:

Protokoll frå styremøtet 28.05 2020 er i mail godkjend av dei som tok del.

### Vedlegg/lenker:

[Protokoll](#)

## 2020.03 Rådgjevar sin rapport

|                       |                        |
|-----------------------|------------------------|
| <b>Saksdokument:</b>  | Innkalling og sakliste |
| <b>Saksordførar:</b>  | rådgjevar              |
| <b>Sakshandsamar:</b> | rådgjevar              |

### Framlegg til vedtak:

Styret tek rapporten til orientering.

### Saksutgreiing:

Rådgjevar sin rapport for perioden 28.05.2020 – 27.08.2020 med henvising til [Verksemdsplanen](#) i protokollen frå Årsmøtet 2019:

#### 1.1.1.1.4 Vere synlege i media og løfte fram kulturskulesaker:

1. Drømmestipendseremonier vart markert i juni i ulike media, på kulturskolerådets nettside og [www.drommestipendet.no](http://www.drommestipendet.no).

#### 1.1.1.2.2

Ha fokus på integrering og inkludering i kulturskulane. Arbeide for å fremje mangfald i kulturskulen sin portefølje/fagområde. - og

#### 1.1.1.1.5 Organisere møtepunkt med politikarar på kommune-, fylkes- og nasjonalt nivå:

1. [Opning av «Jakob Sande senter for forteljekunst»](#) laurdag 15. august:  
Rådgjevar bidro og tok del saman med kollega Ole Jakob Nedrebø og styreleiar Nils Sandal, som hadde med helsing frå kulturskolerådet. Senteret kan verte ein god samarbeidspart i arbeidet med faget Skapande skiving, men og andre kunstfag i kulturskulen. Lokal kulturskule er allereie godt involvert i arbeidet. Politikarar frå kommune, fylke og nasjonalt hald tok del i tillegg til administrativ leiing.

2.1.1.2.2 Arbeide for å gjere PPU innan kulturskulen sitt fagfelt tilgjengeleg for kulturskulelærarar. Organisere møtepunkt med Høgskolen på Vestlandet og andre skular og universitet i vår region, for samhandling om felles saker av interesse:

1. Fordjupingsmøte for Vestland 4. juni i samarbeid med prosjektleiar nasjonalt. Referat frå møtet er vedlagt sakskartet. AU har drøfta representasjon frå kulturskulerådet Vestland i eit arbeidsutval for fordjuping, som vert oppretta hausten 2020. Saka vert tatt opp i dette styremøtet. Referat frå møtet er vedlagt sakskart.
2. Kontakt med Høgskulen på Vestlandet, campus Bergen og campus Sogndal for å sjå på moglege møte, vidare dialog hausten 2020 samt ppu-tilbod til kulturskulelærarar.

#### 2.1.3.3.1 Arrangere «De unges festspilldag» i samarbeid med Festspillene i Bergen.

Arrangere «Dei nominerte er» som del av Drømmestipendnominasjonane.

Arbeide med Drømmestipendet:

1. [Drømmestipendet](#) : Førebuing av seremonier og representasjon frå Norsk kulturskoleråd sitt sentralstyre og fylkesstyre og oppfølging i etterkant av mediaoppslag. Askøy har sitt arrangement på første kommunestyremøte i haust, to.17. sep.. Førebels representasjon er avtala med dei det gjeld i styret.

Det er gitt signal på ny organisering av Drømmestipendet, der aldersgrensa no vert 18-25 år.

«De Unges Festspilldag» vart arrangert gratis digitalt 28. mai kl.18.00 under Festspillene i Bergen. Rapport er vedlagt sakskartet. Omtale før framsyninga:

«De unges festspilldag – Små scener, store drømmer:

De unges festspillforestilling er et årlig innslag i Festspillene i Bergen. Her blir unge talent presentert fra kulturskolene i Vestland fylke.

På denne scenen for du se og høre utøvers som vil være med å prege kulturlivet i Norge i årene fremover. På programmet i år står dans og musikk i Grieghallens Peer Gynt-sal.

Med bakgrunn i covid-19 utbruddet vil årets festspillforestilling bli streamet **28. mai kl. 18:00**.

For å være publikum gå til: <https://www.fib.no/program/de-unges-festspillforestilling2/>

2. «Ungdommens musikkmeisterskap» regionalt mesterskap i Bergen 2020, lø.7. og sø.8.11: Det er førebels tinga lokaler for arrangementet ulike stader i Bergen: Kulturhuset Gimle, Langhaugen vgs, Bergen kuturskole. Oppstartsmøte for regionalt arrangement vert i aug./sep. Eventuelle endringer grunna pandemien vert tatt noke seinare i haust.

3.1.1.1.1 Vere i dialog med kommunane for å kunne møte kulturskulane sine behov for auka kompetanse:

1. Oppfølging av rektorar individuelt i den situasjonen vi er i med pandemien: digital undervisning, elevbetaling i situasjonen, gjenåpning, ROS-analyse og smittevern tilpassa kulturskulane, rekruttering og utfordring med det grunna nedstenging våren 2020.

3.1.1.3.1

Gje innspel til høyringar som er relevante for kulturskulen:

1. [NOU 2019-23](#) vart ferdighandsama og høyringssvar er sendt frå Norsk kulturskoleråd. Vidare handsaming vert gjort nasjonalt av politikarane, som får uttalen frå ekspertutvalet og høyringssvara.
2. Utgreiing av muskarordningane i det nye fylket Vestland: Invitasjon frå fylkeskommunen til relevante aktørar innan offentleg og frivillig sektor, for å få innspel til utgreiing om muskarordningane, som vert teken med i vidare arbeid med ny kulturplan for Vestland. Kulturskolerådet i Vestland var representert i møte 27. mai og 27. august. Referat frå møtet i mai og øvrige dokument er vedlagt sakskart.

3.2.1.1.1 Arrangere konferansar og samlingar for medlemskommunane.

Vere pådrivar for god organisering av leiarnettverk, samt ev. studietur:

1. Møter i høve konferanse i form av webinar 16.10 kl.10.00-15.00 i samarbeid med Vestland fylkeskommune, KS Vestland, Sunnfjord kommune, Vestland idrettskrets, Norsk kulturforum Vestland. Frå kulturskolerådet er Torkel Øien og Ragnhild Skille, som har ansvar for arbeidet med inkludering spurt om innlegg under tema «Kommune 3.0 – medborgarskap og

meistring». Sjå gjerne <https://www.kulturskoleradet.no/nyheter/2020/august/informerer-departement-inkluderingsarbeid> og <https://www.kulturskoleradet.no/vi-tilbyr/program-og-prosjekt/kulturskolen-som-inkluderende-arena> for meir informasjon om inkluderingsarbeidet.

2. Utfordring med kva for eit nett regionale rådgjevarar skal nytte og tilgjengelege løysingar, medførte at vidare leiarmøter for Vestland vart stoppa i juni. Leiarane vart informert og med informasjon om at vi kjem tilbake til det hausten 2020.
3. Møter på telefon og fysisk med nye rektorar og invitasjon til nettverket for leiarar i Vestland.

#### 3.3.1.1.1 Legge til rette for leiarutvikling for kulturskuleleiarar:

1. [LAP Vestland](#) tek sikte på oppstart hausten 2020. Påmeldingsfrist er utvida til 25. sep. Informasjon er i fleire omgangar sendt kommunane ved kulturskuleleiinga og og sendt kommunal leiing. Det er få påmelde og minimum er 20 deltakarar. Tiltak vert iverksett med ringerunde til kulturskuleleiinga og eventuelle andre tiltak, når det krevjande arbeidet med kulturskuleoppstart er nokolunde i havn. Ordninga er sterkt subsidiert for kommunane og får sær gode tilbakemeldingar frå dei som har fullført i andre fylker.

#### Styrearbeid og drift:

1. Arbeidsutvalet hadde møte i Førde to.13. august, som grunnlag for styremøtet 03 og vidare arbeid skuleåret 2020 / 2021.
2. Rådgjevar har fått overlevert ein god del pappeskar med permar og anna materiale samt eldre maskinvare og elektrisk utstyr. Opprydding er starta og vert teken innimellom når det er høve til det. Dette står i dag på leid lager og skap i Bergen kulturskule og i Fjell kulturskule.
3. Fylkesstyret fekk orientering i juni om driftstilskudd for Vestland i 2020.

## 2020.04 Økonomi

|                       |                 |
|-----------------------|-----------------|
| <b>Saksordfører:</b>  | Astrid Byrknes  |
| <b>Sakshandsamar:</b> | Kristin Geiring |

### **Framlegg til vedtak:**

Styret tek rekneskapsrapporten til orientering. AU utarbeider framlegg til budsjett 2021, som vert sendt styret på mail for tilbakemelding og godkjenning.

### **Saksutgreiing:**

Rapport vedlagt. Utgifter i august er ikkje innkomne når sakskart vart utsend.  
Tilskudd frå Vestland fylkeskommune i høve «De unges festspilldag 2020» ligg ikkje inne per no.  
Inntekter er lågare enn budsjettet. Dette har samanheng med situasjonen totalt i fylket og nasjonalt.  
Innan styremøte 04 den 23.11, skal budsjettframlegg for 2021 frå Vestland vere innsend.

Norsk Kulturskoleråd Vestland per 19.08.2020

Hele 2020

| NOK                                      | Perioden, Januar - Desember |                |                  |               |
|--|-----------------------------|----------------|------------------|---------------|
|  | Regnskap                    | Budsjett       | Avvik            | Endring       |
| 3101 Tilskudd                            | 169 880                     | 411 188        | - 241 308        | -58,7%        |
| 3102 Kontigenter                         |                             |                |                  |               |
| 3104 Kursinntekter                       |                             |                |                  |               |
| 3105 Deltakeravgifter                    |                             | 13 700         | - 13 700         |               |
| <b>Salgsinntekter</b>                    | <b>169 880</b>              | <b>424 888</b> | <b>- 255 008</b> | <b>-60,0%</b> |
| 3900 Andre driftsinntekter               |                             |                |                  |               |
| <b>Andre inntekter</b>                   |                             |                |                  |               |
| <b>Sum driftsinntekter</b>               | <b>169 880</b>              | <b>424 888</b> | <b>- 255 008</b> | <b>-60,0%</b> |
| <b>Bruttofortjeneste</b>                 | <b>169 880</b>              | <b>424 888</b> | <b>- 255 008</b> | <b>-60,0%</b> |
| 5002 Lønn / frikjøp                      |                             |                |                  |               |
| 5003 Diverse honorar                     | 500                         |                | 500              |               |
| 5280 Annen fordel i arbeidsforhold       |                             |                |                  |               |
| 5330 Styrehonorar                        | 2 000                       | 68 000         | - 66 000         | -97,1%        |
| <b>Lønnskostnad</b>                      | <b>2 500</b>                | <b>68 000</b>  | <b>- 65 500</b>  | <b>-96,3%</b> |
| 5401 Arbeidsgiveravgift                  | 373                         | 9 588          | - 9 215          | -96,1%        |
| <b>Arbeidsgiveravg. og per</b>           | <b>373</b>                  | <b>9 588</b>   | <b>- 9 215</b>   | <b>-96,1%</b> |
| <b>Sum personalkostnader</b>             | <b>2 873</b>                | <b>77 588</b>  | <b>- 74 715</b>  | <b>-96,3%</b> |
| 6300 Leie lokaler                        | 1 016                       | 14 000         | - 12 984         | -92,7%        |
| <b>Kostnader lokaler</b>                 | <b>1 016</b>                | <b>14 000</b>  | <b>- 12 984</b>  | <b>-92,7%</b> |
| 6430 Leie utstyr                         |                             | 2 000          | - 2 000          |               |
| <b>Leie maskiner, inventar o.l.</b>      |                             | <b>2 000</b>   | <b>- 2 000</b>   |               |
| 6560 Rekvizita                           | 1 585                       | 7 500          | - 5 915          | -78,9%        |
| <b>Kostnadsførte anskaffel</b>           | <b>1 585</b>                | <b>7 500</b>   | <b>- 5 915</b>   | <b>-78,9%</b> |
| 6720 Konsulenthonorar                    | 1 000                       | 14 000         | - 13 000         | -92,9%        |
| 6790 Andre honorar                       |                             |                |                  |               |
| <b>Fremmede tjenester</b>                | <b>1 000</b>                | <b>14 000</b>  | <b>- 13 000</b>  | <b>-92,9%</b> |
| 6800 Kontorrekvizita                     |                             |                |                  |               |
| 6820 Trykksak                            |                             |                |                  |               |
| 6860 Møter, kurs, oppd:                  | 887                         | 40 000         | - 39 113         | -97,8%        |
| <b>Kontorkostnad</b>                     | <b>887</b>                  | <b>40 000</b>  | <b>- 39 113</b>  | <b>-97,8%</b> |
| 6900 Telefon                             |                             | 2 000          | - 2 000          |               |
| 6902 Telefon ansatte                     |                             |                |                  |               |
| 6903 Mobiltelefon                        | 2 067                       |                | 2 067            |               |
| 6940 Porto                               |                             |                |                  |               |
| <b>Telefon, porto o.l.</b>               | <b>2 067</b>                | <b>2 000</b>   | <b>67</b>        | <b>3,3%</b>   |
| 7100 Km.godtgjørelse, c                  | 1 104                       |                | 1 104            |               |
| 7140 Reise- og oppholds                  | 9 825                       | 67 000         | - 57 175         | -85,3%        |
| 7150 Diettkostnad, oppgavepliktig        |                             |                |                  |               |
| 7160 Diettkostnader, ikke oppgavepliktig |                             |                |                  |               |
| 7161 Bispising                           | 3 890                       |                | 3 890            |               |
| <b>Kostnad og godtgjørelse</b>           | <b>14 819</b>               | <b>67 000</b>  | <b>- 52 181</b>  | <b>-77,9%</b> |
| 7410 Fraktkostnader                      |                             |                |                  |               |
| 7420 Gaver                               | 400                         | 3 000          | - 2 600          | -86,7%        |
| 7430 Gaver, ikke fradragsberettiget      |                             |                |                  |               |
| <b>Kontingenter og gaver</b>             | <b>400</b>                  | <b>3 000</b>   | <b>- 2 600</b>   | <b>-86,7%</b> |
| 7700 Prosjekttilskudd                    |                             | 185 900        | - 185 900        |               |
| 7770 Bank og kortgebyrer                 |                             |                |                  |               |
| 7771 Øreavrundning                       |                             |                |                  |               |
| 7790 Annen kostnad                       | 40 000                      | 11 900         | 28 100           | 236,1%        |
| <b>Annen kostnad</b>                     | <b>40 000</b>               | <b>197 800</b> | <b>- 157 800</b> | <b>-79,8%</b> |
| 7810 Prosjekt over til neste periode     |                             |                |                  |               |
| 7830 Tap på fordringer                   |                             |                |                  |               |
| <b>Tap og lignende</b>                   |                             |                |                  |               |
| <b>Sum driftskostnader</b>               | <b>61 774</b>               | <b>347 300</b> | <b>- 285 526</b> | <b>-82,2%</b> |
| <b>Driftsresultat</b>                    | <b>105 233</b>              |                | <b>105 233</b>   |               |
| 8060 Valutagevinst                       |                             |                |                  |               |
| <b>Finansinntekter</b>                   |                             |                |                  |               |
| 8150 Rentekostnader bank                 |                             |                |                  |               |
| <b>Finanskostnader</b>                   |                             |                |                  |               |
| <b>Sum finans</b>                        |                             |                |                  |               |
| <b>Resultat før skatt</b>                | <b>105 233</b>              |                | <b>105 233</b>   |               |
| <b>Årsresultat</b>                       | <b>105 233</b>              |                | <b>105 233</b>   |               |
| 8960 Årsresultat                         |                             |                |                  |               |
| <b>Overføringer og disponeringer</b>     |                             |                | <b>65 619</b>    |               |

## 2020.05 Strategi/politisk dagsorden

|                       |                 |
|-----------------------|-----------------|
| <b>Saksordfører:</b>  | Astrid Byrknes  |
| <b>Sakshandsamar:</b> | Kristin Geiring |

### Framlegg til vedtak:

- 5.1 Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.
- 5.2 Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.
- 5.3 Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.
- 5.4 Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.
- 5.5. Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.
- 5.6 Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

### Saksutgreiing:

#### **5.1 Landstinget 2020**

Saksførebuing: Les [sakskartet](#) frå Landsstyremøtet 2020 og [protokollen](#) og førebu drøfting av innstillingar frå landsstyret til landstinget.

Representasjon på landstinget:

Jamfør tidlegare vedtak på fem i delegasjon frå Vestland:

Styreleiar og nestleiar tek del. I tillegg tre styremedlem.

Val av representantar frå fylkesstyret med vara til deltaking på landstinget to.22.-fr.23. oktober. Påmelding umiddelbart i etterkant av styremøtet vert gjort av dei som skal ta del.

#### **5.2 Utgreiing av musikerordningane**

Sjå vedlagt referat i utsending av sakskart og førebu drøfting av saka.

#### **5.3 AU møter sentralstyret**

Sentralstyret har vitja ulike fylkesavdelingar. No kom tilbod om å vere vertskap til Vestland ved AU. Grunna pandemien er fysisk møte avlyst og møtet vert heldt digitalt den 10. september kl.16.00. AU ynskjer på bakgrunn av drøftingar i arbeidsmøte og styremøtet 27.08 framlegg til saker vi skal løfte inn i sentralstyret.

#### **5.4 KS Vestland**

AU gjer framlegg for styret, om at AU ber om møte med KS Vestland 23.11.

Temaframlegg frå AU: Økonomien når det gjeld fordjuping og koordinering mellom kommunane.

Fellesprosjektet «Fremtidens kulturskole». Ny strategi for kulturskolerådet / vedtak frå landstinget.

Saka og eventuelt tema for eit slikt møte vert drøfta.

#### **5.5 Kulturskulen i kommuneorganisasjonen**

Kulturskulane og leiinga i fleire kommunar erfarer å komme lengre ned i nivå innan det kommunale

systemet. Det er ønskeleg å løfte problematikken for rådmannsutvalet/kommunedirektørutvalet i KS Vestland på møtet 11. nov. Saka vert drøfta.

### ***5.5 Konferansar og fagdag i regi av KS Vestland***

Det er tradisjon for at fylkesavdelinga tek del i konferansane til KS regionalt, dersom programmet tilseier at det er relevant. Program og representasjon på haustkonferansen 13. oktober og eventuelt andre arrangement i regi av KS Vestland vert drøfta. Sjå og «Fagdag om aldersvennleg samfunnsplanlegging», som vert arrangert i fylket: <https://www.ks.no/regioner/ks-vest-norge/kalender/>

## 2020.06 Eventuelt

|                       |                 |
|-----------------------|-----------------|
| <b>Saksordfører:</b>  | Astrid Byrknes  |
| <b>Sakshandsamar:</b> | Kristin Geiring |

### Framlegg til vedtak:

1. Julie Andersland representerer med Astrid Byrknes som 1. vara og Siv S. Høye som 2. vara.
2. Kriterier for gåve og helsing ved avgang er aktiv medvirkning til kulturskolerådsarbeid og bidrag i leiarnettverket fram til avgang.

### Saksutgreiing:

**1. Drømmestipendrepresentasjon Askøy**

Kvalitetssikre representasjon på Askøy torsdag 17. sep. i tida frå 17.15.

**2. Helsingar frå Norsk kulturskoleråd Vestland**

Når lyt Norsk kulturskoleråd sende helsing og eventuelt vere representert i høve tilsette leiarar i kulturskulane og andre relevante samarbeidande personar som går av? AU ønskjer ei drøfting.

## 2020.07 Verksemdsplan

|                       |                 |
|-----------------------|-----------------|
| <b>Saksordfører:</b>  | Astrid Byrknes  |
| <b>Sakshandsamar:</b> | Kristin Geiring |

### **Framlegg til vedtak:**

Tatt til orientering.

### **Saksutgreiing:**

AU har sett på prioriterte områder i verksemdsplanen og tiltak i tråd med tidlegare styrevedtak. Vedrørande fordjuping skal styret ta ei avgjersle på representasjon i nytt arbeidsutval for fordjuping. Saka vert lagt fram for drøfting.

## 2020.08 Styrearbeid i fylkesavdelinga

|                       |                 |
|-----------------------|-----------------|
| <b>Saksordførar:</b>  | Astrid Byrknes  |
| <b>Sakshandsamar:</b> | Kristin Geiring |

### Framlegg til vedtak:

1. Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.
2. Datoar for styremøter 2021 vert i tråd med framlegg i sakskart på styremøte 03.
3. Digitalt verktøy for styret og fylket.

### Saksutgreiing:

#### **2020.08.1 Styret si eigenevaluering**

Mal for eigenevaluering er sendt fylkesstyret med innkallinga. Individuell del vert utført individuelt før styremøtet. Siste del vert utført i gruppe / plenum, som del av styremøtet.

#### **2020.08.2 Styreinstruks 2021**

«Styreinstruks 2021 med møteplan» kjem etter landstinget og trer i kraft 01. januar 2021.

Framlegg til styremøtedatoar 2021 i tråd med førebels vedteke årsmøte 28-29.okt. 2021:

Styremøte 01: To.28.jan. 16.00-19.00

Styremøte 02: To.15. apr. kl.16.00-19.00

Styremøte 03: To.27. mai kl.16.00-19.00

Styremøte 04: To.12. aug. kl.16.00-19.00

Styremøte 05: To.30. sep. kl.16.00-19.00

Arbeidsmøte før årsmøtet: On.27. okt. kl.16.00-19.00

#### **2020.08.3 Teams - digitalt verktøy for styret**

Teams har no utvida kapasitet på deltakertal ein kan sjå samstundes på nettmøtene.

Dei har kome med andre funksjonar som er tenlege.

Av den grunn kan det vere tenleg for styret sitt arbeid, at vi frå no av legg samtlege dokument i

Teams, der vi oppretter eit styrerom for Norsk kulturskoleråd Vestland.

Med tanke på større digitale arrangement, kan vi vurdere å kjøpe inn Zoom for Vestland.

Whereby vert da avvikla.